

ÅRSMELDING 2000



INNHALD

	<i>Sidetal</i>
ÅRET SOM GJEKK	3
DRIFT	
- deponi	6
- gjenvinning	7
- miljøovervaking	8
- administrasjon	10
BJØRKEMOEN AVFALLS- OG GJENVINNINGSANLEGG	
- generelt	11
- reguleringsplan	11
- konsesjon	11
ØKONOMI	12
REKNESKAP 2000	
- resultatregnskap	13
- balanse	14
- notar	16
- melding frå revisor	18
PLANAR FRAMOVER	19

Framsidedeilete: Hårteigen i vinterdrakt. Foto: Johannes H. Sekse.

Grafisk produksjon: Voss Prenteverk AS, Voss

ÅRET SOM GJEKK

GENERELT

Året starta med stengd avfallsplass på Bjørkemoen og vart på alle måtar eit uvanleg år for IHM.

Avfallsmottaket som mot slutten av 1999 vart etablert på naboeigedomen til Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg vart teke i bruk, og alle avtalar som var inngått i tilfelle stengd avfallsplass måtte setjast i verk.

Omlasting og vidaretransport av restavfall var i seg sjølv ei ny erfaring for oss. Me var usikre på kor store avfallsmengder me ville klare å handsame på mottaket, og hadde inngått avtalar om levering på fleire avfallsplassar i fylket. I ein periode i januar leverte me avfall til 3 avfallsplassar i Hordaland og ein i Rogaland. Utetter januar vart det klart at me klarde å handsame alt restavfall via det etablerte mottaket på Bjørkemoen, og me kom inn i meir ordna former med levering berre til mottaka det var forhandla fram hovudavtalar med:

- Restavfall frå hushald (forbruksavfall) til Kjevikdalen i Lindås
- Restavfall frå næring (produksjonsavfall) til Mjelstad Miljø på Osterøy
- Papir/papp til Norsk Gjenvinning på Knarrevik, Sotra
- Bioavfall til Bioplan Hardanger ved Lindenenes, Odda som før

Me håpa heile tida at den omfattande bortkøyringa av avfall skulle verte så kort som mogeleg, og i begynnelsen av mai fekk me løyve til «førehandstiltreding» på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg. Men motparten anka på ein slik måte at me vart tilrådd ikkje å ta området i bruk før nærare avklaring hadde funne stad. Transportoppgåvene i denne perioden vart utført av Torstein Øvsthus & Søner og Opedal Kommunal- og Industrisevice.

Først i begynnelsen av september kom det endelege svaret frå Kommunal- og Regionaldepartementet om at anken var avslått. I mellomtida var det også kome svar frå Statens Forurensingstilsyn når det galdt motparten sin anke på at IHM skulle få overta konsesjonen som Voss kommune hadde hatt på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg. Også denne anken vart avslått.

Alt låg difor til rette for å ta området i bruk att. Det vart teke kontakt med Bjørkegruppen for å inngå avtalar om deira vekt og kompaktor. Dette var avtalar som tidlegare var forhandla fram, og det var semje om pris og ordlyd. IHM fekk ikkje svar på sitt brev til Bjørkegruppen, og det vart etter kvart klart at IHM måtte skaffe eiga vekt. Nytt innkøyringsområde måtte difor etablerast, og alt dette sette krav til ein utbyggingsplan for området i samsvar med reguleringsplanen. Etter som dette er ein heller tidkrevande prosess vart det ordna med løyve til mellombels tilbakeføring av aktivitetane til Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg. Deretter vart Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg igjen teke i bruk for deponering frå 13.10.00. Utbyggingsplan vert fremja i 2001.

Men i tillegg til at me fekk ta plassen i bruk att, var det også andre positive hendingar mot slutten av året. I oktober månad gjennomførde m.a. Opinion ei meningsmåling om dei kommunale tenestene i Voss kommune på oppdrag frå kommunen. Resultatet viste at 81 % av dei spurde meinte at avfallshandsaminga i kommunen var ganske bra (57%) eller svært bra (24%). Det var stor glede i IHM over dette resultatet.

REPRESENTANTSKAPET

Representantskapet var samla til årsmøte på Voss den 26. april, og til haustmøte i Ulvik den 25. oktober. Vanlege årsmøtesaker og budsjettsaker var handsama.

Styremedlemmer frå Jondal, Ulvik og Voss stod på val til årsmøtet den 26. april. Valet fekk dette utfallet:

<i>Kommune</i>	<i>Styremedlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Jondal	Lars-Arne Eide	Anders Ellingsen
Ulvik	Gunnbjørg Øyre	Øyvind Haga
Voss	Audhild Rygg	Asbjørn Nilsen

Representantskapet har følgjande medlemmer og varamedlemmer i perioden 2000-2004:

<i>Kommune</i>	<i>Medlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Eidfjord	Bjørg Medhus Arnulf Indrebø	Henry Hereid Berit Vivelid Hereid
Granvin	Jorunn Nestås Roald Himle	Gunvor Tveito Haugse Gunnar Hetland
Jondal	John Skogseth Sigrid Brattabø Handegard	Trygve Eiken Egil Strømme
Ullensvang	Olav Martin Opedal Erlend Nornes	Jarle Aarsand Kåre Grønsnes
Ulvik	Knut Sygnestveit Terje Breivik	Kjell V. Røkenes Knut A. Torbjørnsen
Voss	Sigbjørn Lien Geir Arne Aspebakken Kjartan Berland Einar Jordalen Kristian Østrem	Kjell Ove Lid Valborg Gulbrandsen Jon Terje Brakestad Randi Blomhoff Pedersen Arnstein Aas

John Skogseth er leiar i Representantskapet

I samband med årsmøtet vart det arrangert eit seminar om ny lov om interkommunale selskap (IKS) som no er vedteken. KS-advokat Vibeke Resch Knudsen var invitert for å fortelje om tilpassingar som er nødvendig for å tilfredsstillе krav i den nye lova. Lova tok til å gjelde frå nyttår 2000, og alle interkommunale selskap må ha tilpassa seg ny selskapsform innan 2004.

Som nemnt annan stad i årsmeldinga står IHM framføre auka konkurranse m.a. som følgje av nye avfallsdefinisjonar i Forurensingslova. IKS er difor ei av fleire selskapsformer som kan vere aktuelle for at IHM skal kunne tilpasse seg den komande konkurransesituasjonen på beste måte.

STYRET

Det har vore 8 styremøte i 2000, 2 av dei i samband med møte i representantskapet. Viktige saker som har vore handsama er:

- økonomisk utvikling 2000
- ny konsesjon - Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg
- godkjenning av årsmelding 1999
- avtalar med Bjørkegruppen
- driftstilhøve ved Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg
- budsjett 2001
- strategi og plan for tilbakeføring av aktivitetar til Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg
- ny selskapsform
- økonomiplan 2001-2004
- renovasjonsforskriftene 2001
- forskot på oreigningsvederlag til Bjørkegruppen
- lokale lønsforhandlingar

Styret har hatt følgjande medlemmer og varamedlemmer i 2000:

<i>Kommune</i>	<i>Medlem</i>	<i>Varamedlem</i>
Eidfjord	Harald Næss (på val 2001)	Ola B. Hereid (på val 2001)
Granvin	Kjell Kjerland (på val 2001)	Gunnar Hetland (på val 2001)
Jondal	Lars-Arne Eide	Anders Ellingsen
Ullensvang	Steinar Lothe (på val 2001)	Torbjørn Lutro (på val 2001)
Ulvik	Gunnbjørg Øyre	Øyvind Haga
Voss	Audhild Rygg	Asbjørn Nilsen

Audhild Rygg er leiar i styret og Harald Næss er nestleiar.



Styret i Indre Hordaland Miljøverk. Bak frå venstre ser me Harald Næss, Kjell Kjerland og Steinar Lothe. Framme frå venstre: Lars-Arne Eide. Audhild Rygg og Gunnbjørg Øyre.

DRIFT

DEPONI

Via nyetablert avfallsmottak og omlastingsstasjon på Bjørkemoen vart restavfallet frå nyttår 2000 fordelt på fleire deponi i fylket, i hovudsak hos Nordhordland og Gulen Interkommune Renovasjonsselskap (NGIR) i Kjevikdalen i Lindås kommune og hos Mjelstad Miljø sitt deponi på Osterøy. Mengdene fordelte seg slik:


Kjevikdalen, forbruksavfall 3,239 tonn
Mjelstad Miljø, produksjonsavfall 860 tonn

I tillegg er det levert 32 tonn til Toraneset og 14 tonn til Tolomarka i Kvam.

I perioden etter at Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg vart gjenopna den 13.10.00 og ut året vart der deponert 1157 tonn restavfall, av dette var 780 tonn forbrukavfall og 377 tonn produksjonsavfall.

Samla for 2000 vart det såleis deponert 4 067 tonn forbruksavfall og 1 237 tonn produksjonsavfall, tilsaman 5 304 tonn frå IHM-regionen.

Finsebaset vert no handsama i Bergen etter at det frå midtsumars vart slutt på av- og påkobling av godsvogner på Voss.



I kampen for å få PCB-haldige materiale vekk frå deponia, kom det ny forskrift i 2000. Fokus er m.a. sett på isolerglassruter produsert i perioden 1965 - 75 som no er på veg inn på deponia. Formålet er at PCB-haldig avfall i størst mogleg grad vert registrert og skilt ut som spesialavfall.


GJENVINNING

Også for papiret som er den største gjenvinningsfraksjonen, vart det nyordning i 2000. For å få rett storleik på papirballane slik mottaka krev, vart papirpressinga overført til Norsk Gjenvinning sitt anlegg på Knarrevik på Sotra. Frå 1. juli kom Norske Skog sitt anlegg for behandling av retur-papir i gang i Skogn, og alt vårt returpapir går no via Knarrevik til Skogn.

Elles er utviklinga når det gjeld innsamling av plast positiv, og sameleis det sokalla Renas-avfallet, dvs. elektronisk avfall frå industrien. Også for dei andre gjenvinningsfraksjonane er utviklinga gjennomgåande positiv.

Lista over kven me leverar gjenvinningsfraksjonane til ser slik ut ved utgangen av 2000:


Fraksjon	Avtale med	Produksjonsanlegg
Papir	Norsk Gjenvinning / Norske Skog	Knarrevik, Sotra/ Skogn
Papp	Norske Gjenvinning	Knarrevik, Sotra
Bioavfall	Bioplan Hardanger	Lindenes, Odda
Drikkekartong	Norsk Returkartong	Hurum
Glas	Norsk Glasgjenvinning	Onsøy, Fredrikstad
Plast	Plastretur	Fleire
Landbruksplast	Plastretur	Folldal Gjenvinning
Klede/sko	UFF	Skedsmo
Metall	HAG / Hardanger Gjenvinning	Laksevåg, Bergen / Kinsarvik
Kuldemøblar	Norsk Gjenvinning	Miele, Drammen
EE-avfall inkl kvitevarer	El-retur/ Norsk Gjenvinning	Fleire
Industrielektro	Renas/ Rekom/ATS	Fleire
Spesialavfall	Norsk Gjenvinning	Flesland/Renor/NOAS



Gjenvinningsfraksjonane utgjer i 2000 vél 50% av alt avfall, medan restavfallet utgjer i underkant av 50%, sjå diagrammet til venstre. Forbetringa frå 1999 er marginal.

MILJØOVERVAKING

Miljøovervåkingsprogrammet har no vore det same sidan sumaren 1997. Det vert teke månadlege prøvar av sigevatnet og kvartalsvise prøvar av Raundalselva og grunnvatnet. Analysar av vassprøvene vert utført av Alex Stewart laboratoriet i Odda, og med grunnlag i desse analysane vert det gjort ei årleg vurdering av miljøtilstanden i Raundalselva og på/ omkring bosplassen (1). Sigevassutsleppa til Raundalselva i 2000 har vore på 40 956 m³.



Sigevatnet på Bjørkemoen er kjenneteikna av høgt innhald av jern, salt (målt som leiðningsevne og klorid), organiske stoff (målt som kjemisk oksygenforbruk- KOF) og næringsstoff (målt som nitrogen og fosfor). Desse parametranne saman med surheitsgrad, fargetal og leiðningsevne er difor målt 4 gonger årleg 100 meter oppstraums utsleppet, like ved utsleppet og 300 meter nedstraums for å sjå kva påverknad utsleppet har på vatnet i elva. Tabellen viser korleis desse parametranne endrar seg ved dei tre målepunkta. Det er brukt gjennomsnittsverdiar for dei 4 målingane.

Parameter	eining	100m oppstraums	ved utslepp	300m nedstraums	drikkevassnormer	
					tilrådd	største tillatt
Surheit		6,23	6,99	6,97	7,5-8,5	6,5 - 8,5
Leiðningsevne	mS/m	1,84	4,84	2,33	40	40
Total nitrogen	ug/l	212	1832	609	-	1000
Ammonium	ug/l	11,4	1658	402	50	500
Klorid	mg/l	3,6	5,24	3,94	25	25
KOF	mg/l	1	2,25	1,38	2	5
Fargetal	mgPt/l	5	13	7	1	20
Jern	ug/l	25	460	168	50	200

Gjennomsnittsverdiar for viktige parametrar 100 meter oppstraums, ved utsleppet og 300 meter nedstraums sigevassutsleppet på Bjørkemoen. Samanlikna med drikkevassnormer.

Målte verdiar er samanlikna med tilrådde og største tillatte verdi for drikkevassnormene. Ved utsleppet ser me at verdiane for enkelte parametrar går høgt, men 300 meter nedstraums ligg verdiane innanfor tillatt verdi for drikkevatt. Ved dette punktet ligg også dei fleste parametranne innanfor tilrådd verdi for drikkevassnormene. For fargetalet og surheitsgrad ser me at verdien ligg utanfor tilrådd norm alt oppstraums utsleppet.

I samband med at det er observert eit raudbrunt sediment i Raundalselva rett nedanfor avfallsplassen på Bjørkemoen i fleire år, har me fått InterConsultGroup til å utføre ein analyse av sediment på botnen av elva og av grunnvatnet som kjem til overflata like ved. Sedimentprøven frå Raundalselva inneheld meir arsen enn SFT sin grenseverdi for mest følsom arealbruk. Det er også funne spor etter mineralolje frå den fraksjonen som indikerar fyringsolje og smøreolje. Sedimentprøven viser om lag 3 gonger så høge jernverdiar som bakgrunnsprøvar frå området. Fargen på sedimentet er truleg eit produkt av jerninnhaldet.

I rapporten (3) vert det konkludert med at det misfarga sedimentet ikkje representerer nokon miljøfare, og at det er eit produkt av gamal forurensing. Grunnvatnet som drenerer til Raundalselva og som ser ut til å innehalde ferske spor av bensinprodukt kjem frå aust.

ADMINISTRASJON

Mykje av tida har i 2000 gått med til å administrere det omfattande programmet for bortkøyring av dei forskjellige avfallsfraksjonane. Det har vore ei hovudmålsetjing at brukarane av våre tenester ikkje skulle verte berørt av den spesielle situasjonen me har vore i.

Me meiner å ha lukkast bra med dette, men ser samstundes at dette har gått ut over andre viktige oppgåver. Me tenkjer då i første omgang på tiltak i Avfallsplanen som skulle vore påbegynt, men som har vorte nedprioritert. Likeeins har me ikkje fått arbeidd så mykje som ønskjeleg med gjenvinningsordningane, dette viser att ved at gjenvinningsprosenten meir eller mindre har stått i ro.

I juni månad vart det inngått kontrakt med Torstein Øvsthus & Sønner A/S om ny 5-års kontrakt for innsamling av avfall i IHM-regionen. Kontrakten var lyst ut i EØS-området, og tek til å gjelde frå årsskiftet 2000/2001. Kontrakten baserar seg på bruk av to-kammer bilar som hentar inn restavfall og bioavfall samstundes. I samarbeid med Øvsthus vart heile rutestrukturen omarbeidd hausten 2000 og ny tømekalendar utarbeidd mot slutten av året.

Det var i alt 4 anbydarar som gav inn pris på 6 alternative løysingar på transportkontrakten.

Representantar frå administrasjonen og/eller styret har delteke på desse møta/kursa i løpet av året:

Møte

Tema

- Høyringsmøte, nye definisjonar i Forurensingslova
- Avfallskonferanse
- Forhandlingsmøte
- Deponigass-seminar
- Kvalitetskrav returpapir
- Miljøovervaking
- Infomøte om ny transportkontrakt
- Årsmøte og konferanse
- Vekt og kompaktor
- Nytt økonomistyringssystem
- Renovasjon på Finse
- Selskapsform og konkurransesituasjonen
- Avfallsreduksjon
- Renovasjon på Hardangervidda
- Bygg- og anleggsavfall, Voss kommune pilotkommune
- Forumsmøte
- Spesialavfallskonferansen
- Transporttilbod, Interconsult

Arrangør

- Miljøverndepartementet
- Maskinentreprenørenes Forening
- IHM/Bjørkegruppen
- K9/Klimatek
- Norske Skog
- Alex Stewart/ Fylkesmannen/ avfallsselskapa
- IHM/InterConsult (IC)
- Norske Renholdsverks Forening (NRF)
- IHM/Bjørkegruppen
- IHM/Visma
- Finse Forum
- NRF/ Avfallsforum Vest (AfV)
- AfV
- IHM/ Eidfjord kommune/ grunneigarar
- Fylkesmannen/Voss kommune/ IHM
- Avfallsforum Vest
- NORSAS
- IHM/IC

Kurs

- Lønn, reiseoppgjer
- Mva. for avfallsselskap
- nytt EU-direktiv om deponi

- Auticon
- adv. Oddvar Eriksen
- NRF

Kostnadene med juridisk hjelp har i 2000 vore på 138.000 kroner.

BJØRKEMOEN AVFALLS- OG GJENVINNINGSANLEGG

Generelt

Seinhaustes 1999 og utover vinteren 2000 vart det rapportert om luktpproblem på og omkring Bjørkemoen. IHM engasjerte K9-gruppen v/ Geir Goffeng til å vurdere årsakene, og konklusjonen var at dei store mengdene Bergensbos som vart tilkøyrt fyllinga i perioden 1996-98 no tok til å gjere seg gjeldande (2). Det vart sett i verk strakstiltak for å dempe på luktplagene etter pålegg frå Fylkesmannen. Tiltaka omfatta vekkpumping av oppstuvva vatn ved fyllingsfot og ekstra tildekking av skråningar med flis og jordmasse. Arbeidet vart utført i første halvdel av mai månad, og har hatt positiv effekt.

Reguleringsplan

Reguleringsplan for Bjørkemoen vart godkjend i september 1999. Avgjerda vart anka men seinare stadfesta. Det vart også søkt om løyve til oreigning av området som var regulert til avfallsplass og løyve til å ta området i bruk før oreigningsskjøn i tilfelle det ikkje lukkast å kome til semje med grunneigarane om disponering av arealet. Også denne avgjerda vart anka, men stadfesta av Fylkesmannen i mai 2000. Sjølv om oreigningsvedtaket vart stadfesta, vart løyve til å ta området i bruk før oreigningsskjøn anka vidare og me vart tilrådd ikkje å ta området i bruk før endeleg stadfesting låg føre. I september 2000 var siste anke avslått, og IHM fekk i brev frå Kommunal- og regionaldepartementet løyve til å ta området i bruk. Det har også etter den tid vore møte med grunneigar utan at det har lukkast å kome til semje om ein avtale om grunn. Dersom det ikkje kjem til semje med grunneigar før den tid, er det venta at oreigningsskjøn vil verte halde varen 2001.

Konsesjon

Voss kommune hadde konsesjonen på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg fram til oktober 1999. Fylkesmannen godkjende då overføring av konsesjonen frå Voss kommune til IHM etter ønskje frå begge partar. Bjørke Sandtak sette seg imot denne overføringa og klaga saka inn til Statens Forurensingstilsyn (SFT) med grunngjeving om feil i sakshandsaminga. I august 2000 avslo SFT klagen.

ØKONOMI

Gebyrstrukturen vart endra frå nyttår ved at kvart hushald sjølve kunne velje kva gebyrklasse dei vil tilhøyre. I praksis vil det seie at hushaldet sjølv kan velje kva tømefrekvens for restavfall dei vil tilpasse seg:

- tøming av 140 l dunk ein gong i månaden (småhushald)
- tøming av 140 l dunk kvar 14. dag (normalhushald)
- tøming av 240 l dunk kvar 14. dag (storhushald).

I alle kommunane er det no overvekt av småhushald.

Gebyra har vore slik i 2000 (alle tal i kroner uten mva)

	uten heimekompostering	med heimekompostering
Småhushald	1 247	905
Normalhushald	1 760	1 247
Storhushald	2 359	1 760
Fritidsbustader	649	

Den relative storleiken mellom gebyra er i samsvar med vedteken avfallsplan. Det var venta at fleire hushald ville melde overgang til annan gebyrklasse då endringa vart sett i verk. Dette viser att ved at me har høgare gebyrinntekter enn budsjettert. Men det er heile tida ein jamn tilgang på abonnentar som ønskjer annan gebyrklasse slik at det på litt sikt vil jamne seg ut.

Fylkesmannen sender årleg ut oversikt over m.a. renovasjonsgebyra i kommunane, og brukar denne definisjonen på gebyret som skal forast opp: Det gebyret som flest hushald i kommunen betaler. For alle IHM-kommunane er dette no småhushald uten kompostering. Lista for 2000 ser du i tabellen til høgre.

Det er sett av 200.000 kroner til renseanlegg, 229.000 kroner til utviding av deponi, avslutting av ferdig fylling og etterdrift og rekneskapan er deretter gjort opp med eit overskot på 455.658,81 kroner som vert framført til udisponert overskot.

Avskrivinga har vore på 874.230 kroner. Det har vore investert for 734.123 kroner, m.a er økonomistyringssystema oppgradert, og det er kjøpt ny bilbrukevt på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg.

Det er ikkje teke opp nye lån i 2000, det er betalt ned gjeld med 200.000 kroner og lånegjelda ved årsskiftet er 1.000.000 kroner.

Eigenkapitalen er no på 4.096.822 kroner som tilsvarar ein eigenkapitalprosent på 38.

Fylkesmannen sin oversikt over renovasjonsgebyr i Hordaland år 2000 for bustadar og hytter.

Tal i kroner eks. mva.		
Kommune	Bustad	Hytte
Lindås	1942	869
Meland	1852	923
Vaksdal	1851	926
Fedje	1815	908
Kvinnherad	1797	750
Modalen	1754	867
Radøy	1745	875
Osterøy	1697	849
Samnanger	1685	887
Kvam	1678	840
Fusa	1660	830
Tysnes	1639	960
Os	1630	815
Bergen	1630	-
Austevoll	1625	740
Askøy	1600	800
Masfjorden	1596	798
Fitjar	1590	630
Stord	1589	750
Sveio	1576	700
Sund	1570	1180
Austrheim	1526	865
Bømlo	1489	750
Odda	1484	733
Fjell	1280	560
Øygarden	1260	945
Eidfjord	1247	649
Granvin	1247	649
Jondal	1247	649
Ullensvang	1247	649
Ulvik	1247	649
Voss	1247	649
Etne	1181	708
Ølen	1051	629

REKNESKAP 2000

RESULTATREKNESKAP 2000

	REKNESKAP 2000	NOTE	BUDSJETT 2000	REKNESKAP 1999
DRIFTSINNEKTER				
gebyr	16 283 479,00		15 400 000	15 571 764
driftsinntekter på deponi	971 826,83		1 080 000	1 492 782
refundert slutthandsavgift	243 168,86	1	660 000	2 733 042
containerleige	440 730,77		400 000	370 530
gjenvinningsordningar	845 472,64	2	370 000	521 056
diverse inntekter	1 014 857,77	3	300 000	947 764
Sum driftsinntekter	19 799 535,87		18 210 000	21 636 938
DRIFTSKOSTNADER				
innsamling og transport	6 570 640,44		6 600 000	6 546 842
driftskostnader på deponi	4 495 586,05	4	3 266 000	4 359 602
slutthandsamingsavgift	1 629 690,33	1	1 800 000	3 952 634
gjenvinningsordninga	2 981 453,11		2 822 000	2 432 318
administrasjonskostnader	628 211,43		557 000	658 561
informasjon, annonser	158 157,96		150 000	198 803
personalkostnader	1 645 233,98	5	1 565 000	1 493 815
reiser, møter	154 246,30		160 000	170 284
avskrivningar	874 230,12	6	985 000	912 298
tap på krav	20 012,71		30 000	13 939
diverse kostnader	9 013,61		0	80 571
Sum driftskostnader	19 166 476,04		17 935 000	20 819 668
DRIFTSRESULTAT	633 059,83		275 000	817 270
FINANSINNEKTER				
Renteinntekter	100 922,62		75 000	79 227
FINANSKOSTNADER				
Rentekostnader	- 78 323,64		- 150 000	- 166 221
Sum finansinntekter/kostnader	22 598,98		- 75 000	- 86 994
AVSETJINGAR				
Renseanlegg sigevatn	- 200 000,00		- 200 000	- 200 000
Sum avsetjingar	- 200 000,00		- 200 000	- 200 000
ÅRSRESULTAT	455 658,81		0	530 277

BALANSE 2000

EIGEDLAR


	2000	Note	1999
Anleggsmidler			
sentrale miljøstasjonar	812 021,65		794 778,63
deponi	447 614,42		155 375,89
pumpeanlegg sigevatn	424 278,00		471 420,00
kontorbrakke	13 491,93		14 991,04
containerar	1 439 514,13		1 557 368,74
avfallsbeholdarar	1 999 574,41		2 307 248,88
bygningmessig opprusting	8 957,12		11 196,41
Inventar/tele-/datautstyr	212 057,74		185 236,56
aksjar, langsiktige	11 500,00	7	11 500,00
sum anleggsmidler	5 369 009,40		5 509 116,15
Omløpsmidlar			
påløpte inntekter	112 139,19		137 732,19
avsett, tap på krav	- 34 782,18		- 27 548,56
utestående krav	3 214 214,00		3 226 077,18
bankkonto skattetrekk	120 415,42		113 566,06
bankkonto særvilkår	1 882 483,75		-
bankkonto	7 229,98		562 688,26
bankkonto	12 397,29		7 291,29
kasse	5 513,00		3 647,00
sum omløpsmidlar	5 319 610,45		4 023 453,42
SUM EIGEDLAR	10 688 619,85		9 532 569,57

EIGENKAPITAL OG GJELD


	2000	Note	1999
Eigenkapital			
interessekapital	-100 000,00	8	-100 000,00
fond til renseanlegg	-1 444 127,82		-1 272 127,82
udisponert overskot	-2 097 036,11		-1 566 759,54
berekna resultat	-455 658,81		-530 276,57
Sum eigenkapital	-4 096 822,74		-3 469 163,93
Langsiktig gjeld			
lån sparebanken Hardanger	-1 000 000,00		-1 200 000,00
Sum langsiktig gjeld	-1 000 000,00		-1 200 000,00
Kortsiktig gjeld			
leverandørgjeld	- 1 743 599,22		- 1 551 839,31
kassakreditt	378 642,83		230 025,72
skuldig forskotstrekk	- 110 816,00		- 106 860,00
skuldig arbeidsgjevaravgift	- 58 091,27		- 50 537,40
pensjonstrekk 2%	1 323,11		- 854,56
oppgjerskonto mva.	- 411 668,67		- 457 215,00
slutthands. avg., skuldig	- 99 526,00		- 360 696,00
avsette feriepengar	- 157 398,57		- 133 063,46
arb.gj.avg. påløpne feriepengar	- 21 968,31		- 18 671,04
påløpne renter	- 24 447,29		- 25 694,59
påløpne kostnader	- 864 180,32		-
bosplass	- 2 480 067,40		- 2 388 000,00
Sum kortsiktig gjeld	- 5 591 797,11		- 4 863 405,64
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	- 10 688 619,85		- 9 532 569,57

Voss, 31. desember 2000

28. mars 2001

INDRE HORDALAND MILJØVERK DA



Audhild Rygg
styreleiar




Harald Næss
nestleiar



Kjell Kjerland



Lars-Arne Eide




Steinar Lothe



Gunnbjørg Øyre



Kåre Flatlandsmo
dagleg leiar



Steinar Stigum Olsen
revisor

NOTAR TIL REKNESKAPEN 2000

Note 1

Slutthandsamingsavgifta er mindre enn budsjettert både på inntekts- og kostnadssida.

Note 2

Prisane for gjenvinningsfraksjonar har vore stigande utover året, m.a. har det vore inntekter på 300.000 kroner på returpapiret.

Note 3

Gebyr for sekkelevering, 50-lappen Voss kommune, sal av bioposar, sumarrenovasjon rv. 7, HSD, Forsvaret.

Note 4

Ekstra kostnader på grunn av bortkøring av avfallet.

Note 5

Løn og feriepengar til dagleg leiar har vore kr. 372.986, av dette er 10.000 kroner ekstra godtgjerdslø for meirarbeid i 2000, jfr. vedtak i styresak 00/27. Kostnader i KLP for dagleg leiar har vore kr. 26.736. Godtgjerdslø til styret har vore kr. 86.120, dette er inkl. arbeidsgjevaravg. kr. 11.240. Godtgjerdslø til representantskapet har vore kr. 23.061. Godtgjerdslø til revisor har vore kr. 17.000.

Det har i gjennomsnitt vore 6 tilsette i verksemda i 2000.

Note 6 Avskrivningar 2000

Inventar/Tele/Datautstyr	53 014,44	kroner
Bygningsmessig opprusting	2 239,29	"
Avfallsbeholdarar	352 866,08	"
Containerar	254 031,91	"
Kontorbrakke	1 499,11	"
Deponi	73 212,64	"
Pumpestasjon sigevatn	47 142,00	"
Sentrale miljøstasjonar	90 224,65	"
Samla avskrivningar 2000	874 230,12	kroner

Note 7

23 aksjar i REKOM AS. Aksjane er bokført til pålydande verdi.

Note 8

Interessekapitalen i selskapet, kr. 100.000 er innbetalt av kommunane etter denne fordelinga:

Eidfjord kommune	4,8 %
Granvin herad	4,6 %
Jondal kommune	5,6 %
Ullensvang herad	17,5 %
Ulvik herad	5,5 %
Voss kommune	62,0 %



Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

Indre Hordaland Miljøverk DA
Representantskapet
her

REVISJONSMELDING FOR 2000

Vi har revidert årsrekneskapen for Indre Hordaland Miljøverk DA for rekneskapsåret **2000**, som viser eit overskot på kr 455 658,81. Årsrekneskapen utgjør resultatrekneskap, balanse og noteopplysningar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er avgjeve av selskapet sitt styre og dagleg leiar. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og øvrige forhold, etter forskrift om revisjon av 13. januar 1993.

Vi har utført revisjonen i samsvar med forskrift om revisjon og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av forskrift om revisjon og god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av økonomiforvaltninga og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og gjeldande forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2000 og for resultatet i rekneskapsåret som er i samsvar med god rekneskapskikk.

Voss, 26. mars 2001


Steinar Stigum Olsen
rev.sjef

HOVUDKONTOR VOSS
Kontoradresse: Utrågata 6
Postadresse: Postboks 274, 5702 Voss
E-post: ihrvoss@online.no
Org.nr.: NO 971 543 124

Telefon 56 51 49 00
Telefax 56 51 48 88
Bank 9581.05.09490

**Avdelingskontor
Odda**

Rådhuset, 5750 Odda
Telefon 53 65 44 50
Telefax 53 65 44 57
E-post: ihrodda@online.no

**Avdelingskontor
Norheimsund**

Postboks 3, 5601 Norheimsund
Telefon 56 55 12 89
Telefax 56 55 12 81

PLANAR FRAMOVER

Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg - arealplan.

For å få ein betre oversikt over dei ymse tiltaka som må gjennomførast på Bjørkemoen vert det fremja ein utbyggingsplan for området. Planen må vere i samsvar med den vedtekne reguleringsplanen for Bjørkemoen.

Planen byggjer på nyleg utarbeidd kartmateriale (4) for området og skal i første omgang skissere bruken av arealet til m.a. byggeområde, parkering, renseanlegg, gjenvinningsordningar og deponi. I neste omgang vil dette danne grunnlag for drenering av overflatevatnet og avslutting av toppdekket for den delen av fyllinga som no er ferdig oppfylt. Andre oppgåver me då kan sjå nærare på, er uttak av metangass og betre løysing for rensing av sigevatnet.

Nytt renseanlegg for sigevatn

I første halvår 1998 fekk IHM utarbeidd alternative løysingar for rensing av sigevatnet. Det har lenge vore klart at noverande renseanlegg har for liten kapasitet til dei sigevassmengdene som går gjennom anlegget. Sidan den gong har det vore usikkerheit omkring eigedomstilhøva på Bjørkemoen, og vidare framdrift har vorte forseinka. Mesteparten av 2000 var me såleis vore fysisk utestengde frå Bjørkemoen.

Etter som alle vedtak og ankesaker den siste tida har gått i IHM sin favør, er tida no inne til å starte oppatt dette arbeidet. Styret meiner at nytt renseanlegg må prioriterast mellom dei mange oppgåvene som ligg framføre. Eit av dei første spørsmåla som må avgjerast er korvidt løysinga som vart valgt for snart tre år sidan framleis er den beste.

Uttak av metangass

Det er ingen motsetnad mellom uttak av metangass og kostnadseffektiv drift av deponiet. Alle signal frå sentralt hald tyder på at storprodusentar av klimagassar får svi, og me kan først som sist førebu oss på å ta ut gassen og bruke den til nytte for oss sjølve.

Kostnadene med dei investeringane som ligg i utbyggingsplan, gassuttak og avslutningsplan med dreneringsløysingar og ferdig oppfylt toppdekke vil liggje noko høgare enn det som så langt har vore lagt opp til i økonomiplanen.

Ny selskapsform

Styret vil halde fram arbeidet med finne tenleg organisasjonsform for verksemda. Stortingsmeldinga om regjeringa sin miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand er forseinka, men det er sannsynleg at definisjonane av forbruksavfall og produksjonsavfall vil verte endra slik at ein større del av forbruksavfallet vert konkurransesett. Kva tid og i kva omfang dette vert sett ut i livet er enno usikkert, men aktørane i marknaden er alt i ferd med å posisjonere seg i forhold til den nye kvardagen. Om ein her ser starten på ei deregulering av marknaden på line med det som har skjedd i kraftmarknaden er enno litt tidleg å seie noko sikkert om, men friare marknad og auka konkurranse er ein kvardag som IHM må tilpasse seg. På denne bakgrunn vil styret leggje fram eit forlag til framtidig organisering av selskapet i løpet av 2001.

(1) Indre Hordaland Miljøverk Bjørke Fyllplass. Årsrapport 2000. Rådgivende Biologer, Geir Helge Johnsen

(2) Indre Hordaland Miljøverk Bjørkemoen Avfallsdeponi. Luktilder og luktkontroll. K9-gruppen, Geir Goffeng April 2000.

(3) Indre Hordaland Miljøverk Hydrogeologisk vurdering av misfarga sediment i Raundalselva. InterConsultGroup 24.01.01

(4) Overvatn Bjørke deponi, terrengprofiler. InterConsultGroup. 30.11.00



Indre Hordaland
Miljøverk

er eit interkommunalt selskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming.

Adresse: Postboks 161
5701 Voss

Kontor: Vangsgata 22B
5700 Voss

Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01

E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no